

SLUTTRAPPORT

”INN PÅ TUNET” I LUSTER KOMMUNE



Rådmannen, januar 2011

INNHALD	
SLUTTRAPPORT	1
”INN PÅ TUNET” I LUSTER KOMMUNE	1
<u>1. INNLEIING</u>	<u>3</u>
SIE-GARDEN, MOLLANDSMARKI (TILBOD TIL DEMENTE I TIDLEG FASE).	3
LINGJERDE-GARD (TILBOD TIL SKULEELEVAR MED SÆRSKILDE BEHOV, SAMT ETTER SKULETID TILBOD I REGI AV BARNEVERNET)	4
UTARBEIDING AV STANDARD AVTALEMAL	4
<u>2. ORGANISERING</u>	<u>4</u>
<u>3. KARTLEGGING</u>	<u>5</u>
<u>EKSISTERANDE TILBOD</u>	5
<u>KJØPARAR AV TENESTER</u>	5
<u>TILBYDARAR</u>	6
Bente Sollesnes, Fortun	6
Leon Lunde, Indre Hafslo	7
Svein Arne Ness, Høyheimsvik	7
Harald Hess	7
Anne Grethe Leirdal og Reidun Elle, Nes	7
Hilde Boksasp Lerum, Sørheim	7
Jorunn Grov Hestethun og Reidar Hestethun, Jostedalen	7
Anna Bergseth, Jostedalen	7
Kristin Hyttebakk Sie og Gunnar Sie, Mollandsmarki	7
<u>4.0 ARBEIDSOPPGÅVER</u>	<u>8</u>
<u>5.0 REKNESKAPSOVERSYN INN PÅ TUNET LUSTER</u>	<u>9</u>
<u>6.0 SLUTTKOMMENTAR/OPPSUMMERING</u>	<u>9</u>
<u>VEDLEGG 1: AVTALE-MAL</u>	<u>11</u>
AVTALE OM	11
INN PÅ TUNET (IPT) - TILTAK	11

1. Innleiing

I samband med handsaming av budsjett 2007 vart det gjort følgjande vedtak vedk. " Grøn omsorg" (no Inn på Tunet):

Kommunestyret ber om å få utgreidd bruk av ordninga "grøn omsorg" i Luster kommune innanfor resultatområde som:

- 202 grunnskule
- 233 førebyggjande arbeid helse og sosial
- 234 aktivisering av eldre og funksjonshemma
- 241 diagnose, behandling og rehabilitering
- 243 personar med rusproblem
- 244, 251, 252 barnevern "

Det vart i etterkant av dette førebudd ei eiga sak til kommunestyret (våren 2007).

Med grunnlag i denne saka vart det oppretta ei prosjektstilling (50%) på området – for to år. Fylkesmannen sa seg villeg til å finansiere halve stillinga.

Kjersti Eikum Tang vart tilsett i stillinga og begynte medio oktober 2007. Kjersti sa opp stillinga i august 2008 og slutta ein månad seinare.

Då Kjersti E. Tang sa opp si stilling, hadde adm. leiinga ein prosess kring korleis ein skulle løysa organiseringa vidare. M.a. vart det resonnert med at det då stod att eitt prosjektår, og at det er viktig å tenkja organisering av inn på tunet-arbeidet i kommunen utover prosjektperioden. Dette tala for å forankra inn på tunet arbeidet i ei fast eining i kommunen. Landbruk er fellesnemnar i inn på tunet arbeid, og Marianne Bugge vart engasjert det vidare arbeidet. Ho har fristilt ein del av si stilling som landbruksrådgjevar til å arbeida med inn på tunet i Luster. Den administrative arbeidsgruppa som var etablert vart vidare tillagt eit større ansvar for framdrift, enn tanken var opprinneleg.

Arbeidet som er utført så langt gir eit godt grunnlag for vidare utvikling, og me ser no resultat av tiltaka som er sett i verk.

Sie-garden, Mollandsmarki (tilbod til demente i tidleg fase).

Dei kom i gang på Mollandsmarka i slutten av august 2008, med tilbod til demente i ein tidleg fase. Dette var eit prøveprosjekt delvis støtta av BU, og som gikk over eitt år. Ein starta med 3 brukarar, no er det 5-6 som er der fast. Dette er personar som bur heime, og der dei pårørande no får avlastning 1 dag i veka gjennom dette tilbodet. Konklusjonane frå prosjektet var at tiltaket var svært vellukka, og tilbodet er no vidareført gjennom ein 2,5-års avtale mellom tilbydarane og kommunen!

(Sjå eigen sluttrapport for prosjekt "Tilbod til demente i tidleg fase – SieØygarden, Mollandsmarki")

Gjennom tilbodet på Sie-Øygarden kom Luster kommune med i det nasjonale tre-årige utviklingsprogrammet "Dagtilbod og avlastningsordningar for personar med demens", i regi av Nasjonalt kompetansesenter for demens, og etter oppdrag frå Helsedirektoratet. Målet med programmet er å styrka kvalitet og kapasitet i primærhelsetenesta sine tiltak for personar med demens og deira pårørande. Prosjektet inkluderte kartleggingar og intervju av både brukarar, tilbydarar og pårørande i fleire omgangar og over ein 2-års periode. Prosjektet er no avslutta i Luster, og arbeidet med prosjektrapport i gang hjå Nasjonalt senter for aldring og helse.

Lingjerde-gard (tilbod til skuleelevar med særskilde behov, samt etter skuletid tilbod i regi av barnevernet)

Det er igangsett eit inn på tunet tilbodet på Nes, til skuleelevar med særskilde behov og til born innafor barnevernet sitt system. Skuleelevane er elevar som ikkje er "i spes.ped. systemet", men som har særskilde behov i høve skulesituasjonen. I tillegg omfattar tilbodet born frå barnevern-systemet.

Tilbodet starta opp i januar 2009, og var i ein prøveperiode som varte ut skuleåret (08/09) gratis for brukarane i ein prøveperiode på 5-8 gonger. Etter gode tilbakemeldingar frå barnevernet, PPT-tenesta, brukarane, foreldre/pårørande og tilbydarane sjøve, vart det bestemt å forlenga tilbodet. Barnevernet har òg forlenga si avtale her. Tilbodet er ein dag pr. veke (+ ein ettermiddag i veka til barnevernet), og 3 elevar frå skulen, samt to born via barnevernet nyttar no tilbodet, som inkluderer dyrestell, riding, m.m.

Utarbeiding av standard avtalemål

Det er utarbeida ein standard avtalemål for kjøp og sal av inn på tunet tilbod i Luster kommune. Det var tidlegare dels svært ulike utformingar på avtalar vedr. IPT tilbod i kommunen. I alle nye, og alle reforhandla avtalar mellom kommune og tilbydara er den nye avtalemålen nytta.

2. Organisering

Nemnde prosjektgruppe vart etablert våren 2008. Gruppa er leia av rådmann Tore Eriksen og assisterande rådmann John Olaf Røhme i fellesskap. Elles deltek:

Knut Cotta Schönberg, helsesjef,

Inger Marie Evjestad, rådgjevar, rådmannen sitt oppvekstteam,

Anne Lene Eggum, Sogn barnevern,

Olfert Øvrebø, leiar PPT,

Britt Hauge Veum, soneleiar pleie og omsorg,

Trine Klausen Aunan, leiar NAV Luster

Marianne Bugge, landbruksrådgjevar landbruk og naturforvaltning

3. Kartlegging

Eksisterande tilbud

Eit hovudmål for prosjektet er å få Inn på tunet (IPT) tilboda i kommunen registrerte og gjort oversiktlege. For å få til dette vart det tidleg i prosjektet gjort ei kartlegging av kva som finst av tilbud.

Ein hadde i 2007 skriftlege avtaler med berre to tilbydarar av Inn på tunet tenester. Det var Bente Sollesnes som driv tilbud innan psykiatri og Svein Arne Ness som driv spesialpedagogisk tilbud til elevar i grunnskulen.

Fleire gardbrukarar, som òg er lærarar hadde/har elevar med særskilde behov med heim på garden ein eller fleire gonger pr veke, utan skriftlege avtalar med kommunen.

Situasjonen pr. des.-10 når det gjeld tilbydarar og avtalar er slik:

Lingjerde Gard (Anne Grethe Leirdal/Reidun Elle):

Avtale for skuleåret 10/11. Ein dag i veka, tre elevar. Løn gjennom stilling som lærarar i kommunen, + uspesifiserte utgifter + køyregodtgjering etter statens regulativ.

Leon Lunde, Indre Hafslo:

Avtale for perioden skuleåret 10/11. To dagar pr. veke, tre elevar. Løn gjennom stilling som lærarar i kommunen + køyregodtgjering etter statens regulativ.

Bjørkehaugen besøks- og undervisningsgard (Bente Sollesnes):

Avtale for perioden 01.01.11 – 31.12.11. 2 dagar i veka, 3 brukarar. Løn: pr. t pr. brukar, + uspesifiserte utgifter + køyregodtgjering etter statens regulativ

Sie, Mollandsmarki (Kristin og Gunnar Sie):

Avtale for perioden 01.09.09 – 31.12.11. Ein dag pr. veke, 4-6 brukarar. Sum pr. dag med brukarar + køyregodtgjering etter statens regulativ.

Viki Gard og Turistverksemd (Svein Arne Næss): Ein dag pr. veke, 2 brukarar. Løn: pr. mnd. pr. brukar, + uspesifiserte utgifter + køyregodtgjering etter statens regulativ

Kjøparar av tenester

I oppstarten av prosjektet var prosjektmedarbeidaren i møte med fylgjande:

- Sosialkontor og barnevern,
- Soneleiarane på omsorgssentera,
- ATS (arbeidstreningsbedrift for psykisk utviklingshemma mv),
- Rådmannen sitt oppvekstteam,
- PPT,
- Helsejefen, inklusive Psykisk helseteam og "Koordinerande eining",
- Arbeid med bistand (Luster arbeidssenter AS).

Det vart på desse møta informert om kva Inn på tunet er, og kva grupper dette kan vere nyttig for. Det vart informert om kva tilbud som finst i kommunen i dag og kva tilbud som

er under oppstart. Det vart også vist til døme frå andre kommunar og kva type tilbod som kan opprettast her om det er interesse for det.

Det kom i desse møta fram at Inn på tunet var noko ein kjende til i samband med skule, spesielt innan spesialpedagogikk, og i psykiatrien. Dette fordi ein hadde avtalar på området. Det var ikkje så mykje kunnskap om Inn på tunet i dei andre einingane, men alle meinte det høyrdest bra ut, og i alle einingane kunne ein sjå føre seg brukarar som kan ha nytte av eit slike tilbod.

Gjennom arbeidet med Inn på tunet, og spesielt gjennom faste møte i prosjektgruppa (kvartals-møte) - meiner me ein sikrar ein betre informasjonsflyt mellom aktuelle einingar som potensielle kjøparar av IPT-tenester. Erfaringsutveksling og gjensidig informasjon om ulike tilbod, eksisterande og nytilkomne vert diskutert der, samt avtaleutformingar, økonomi m.m.

Økonomien til einingane har hittil ikkje vore tilpassa bruk av Inn på tunet tenester. Alle einingane signaliserar stramme budsjett som ikkje gjev rom for mykje nytt. Utgangspunktet for Inn på tunet satsinga i kommunen var at budsjetta ikkje skulle aukast, men at det skulle vere rom for å omprioritere. I samband med endringar i organiseringa av IPT i Luster (ved at prosjektleiar slutta - og oppgåvene lagt til ein person på landbruk - og naturforvaltning) fekk ein frigjort noko prosjektmidlar, og godkjenning for å omprioritera desse til "oppstarthjelp" i ein overgangsperiode for nokre av tilboda. M.a. har dette vore nytta for Lingjerde Gard. Ein får utprøvd eit tilbod og dermed etablert eit grunnlag for vurdering av om dette er tilbod som bør vidareførast.

Tilbydarar

For å informere om kva Inn på tunet er, og finne ut kven av gardbrukarane som kunne vera interesserte i å drive med dette, vart det i starten på prosjektet informert i eige skriv til alle gardbrukarar. Det har òg vore skrive om det i fleire nr. av "Lustranytt". Januar 08 vart det halde eit ope informasjonsmøte om Inn på tunet. Det kom over 30 personar på møtet. På dette møtet informerte tidl. prosjektleiar om Inn på tunet generelt, om ulike tilskotsordningar, og det var innlegg frå ein tilbydar som har drive ein del år, om erfaringar med IPT.

Prosjektet har vore på vitjing hos alle dei 10 tilbydarane i kommunen. Dette for å få informasjon om korleis dei ynskjer å legge til rette for IPT på eigen gard, og kva brukar-gruppe dei enkelte ser føre seg. Nokre ynskjer å satsa mykje på IPT, og kanskje kombinera dette med turisme, andre ynskjer å ha IPT tilbod ein gong pr. veke, i tillegg til annan jobb.

Gjennom prosjektperioden har me registrert fleire gardbrukarar som har tatt kontakt, og ønskjer å tilby IPT-tilbod til ulike grupper. Dette i tillegg til ei solid gruppe tilbydarar, som i større eller mindre grad har arbeida med IPT over lengre tid.

Bente Sollesnes, Fortun

Driv tilbod innan psykiatri og barnevern

Har erfaring frå arbeid innan skule og barnehage.

Leon Lunde, Indre Hafslo

Tilbod innan skule og spes ped.
Jobbar som lærar med musikk som fagfelt

Svein Arne Ness, Høyheimsvik

Tilbod til skule innan spes ped
Jobbar som lærar i kommunen

Harald Hess

Ynskjer å tilby arbeidstrening for vaksne, ev opplegg til elevar i ungdomsskule eller vidaregåande skule. Er treningskontakt, og har tidlegare hatt elevar frå ungdomsskulen med seg på garden

Anne Grethe Leirdal og Reidun Elle, Nes

Tilbyr opplegg for skule innan både almen ped og spes ped.
I tillegg tilbyr dei tenester til barnevern. Jobbar begge som lærarar i kommunen

Hilde Boksasp Lerum, Sørheim

Tilbyr opplegg for skule, både almen ped og spes ped.
Har tidlegare hatt ein elev med heim på garden ein til to gonger i månaden. Arbeider som lærar i kommunen

Jorunn Grov Hestethun og Reidar Hestethun, Jostedalen

Tilbyr tenester til vaksne innan psykiatri, men er og open for andre grupper.
Har erfaring som treningskontakt i Årdal før dei flytta til Luster kommune.

Anna Bergseth, Jostedalen

Tilbyr tenester til vaksne innan psykiatri, men er og open for andre grupper.
Nabo med og samarbeidar med Grov Hestethun. Er i dag besøksheim i barnevernet

Kristin Hyttebakk Sie og Gunnar Sie, Mollandsmarki

Dagtilbod til heimebuande demente. Gunnar arbeider som hjelpepleiar ved omsorgssenteret i Gaupne, dei har fleire kurs innan demensomsorg. Kristin er utdanna og jobbar deltid innan rekneskap.

Thomas Kjørlaug

Tilbyr opplegg for skule, både almen ped og spes ped. Arbeider som lærar i kommunen

Det er laga ei oversikt over tilbydarane i kommunen med info. om kva type drift dei har på garden og kva dei kan tilby av Inn på tunet tenester. Denne oversikta vert delt ut til aktuelle einingar i kommunen og til andre instansar som kan vera potensielle kjøparar av tenestene. Marianne Bugge (landbruk - og naturforvaltning) har her ei koordinerande rolle i høve å "kopla" kjøpar og tilbydar, og å få fram og ut informasjon om aktuelle tilbod.

4.0 Arbeidsoppgåver

Fylgjande grovskisse til arbeidsplan vart utarbeidd i starten av prosjektet, og denne har i stor grad vorte følgt opp.

Tiltak	Tidsrom
Møte med alle einingsleiarane for å kartlegge behovet for og viljen til å nytte IPT tiltak som finst og ev vil komme.	November/ Desember 2007
Grundig kartlegging av tilbydarar og tilbod i kommunen innan IPT.	November 2007-Juni 2008
Sende ut informasjon om IPT til bønder i kommunen, og oppmode dei til å tenke IPT på sine gardar.	Desember 2007
Holde informasjonsmøte for IPT interesserte bønder der ein gjerne har med IPT tilbydarar som kan bidra med praktiske erfaringar om korleis dette kan organiserast.	Januar 2008
Standardisering av avtalar mellom tilbydarar og kommunen	Januar 2008 –d.d
”Starthjelp” til Kristin og Gunnar Sie i samband med etablering av dagplasstilbod for eldre og demente. Prosjektleiar vil vere med å hjelpe dei i gang med sitt prosjekt.	Gjennomgåande
Saman med fylkesmannen vere med å få til ei fylkessamling på Skei om IPT. Der skal ein ha med ressurspersonar innan IPT som fortel om tiltak, kostnader, førebygging mv. basert på eigne erfaringar.	Februar 2008 (og i Gloppen mars 2009)
Rettleiing til bønder som er interesserte i å kome i gang, og kople desse saman med brukarar og kommune.	Etter behov, gjennomgåande
Arbeide mot skule og barnehage for å få rutine på gardsbesøk inn i årsplanar	Gjennomgåande
Undersøke kva tilskotsordningar som finst å søke på spesielt i høve til IPT gardar og transport.	Gjennomgåande
Lage prosjektplan og prosjektsøknad til fylkesmannen si landbrukseining der ein søker om prosjektmidlar til tilbodet for demente på Sie	Mars 2008

Kommentarar til noko av arbeidet:

Det er fleire utfordringar knytt til å få fram, og etablert gode IPT tilbod. Dette var grunnlaget for å satsa meir på IPT i Luster ved etableringa av eit eige prosjekt. Utfordringar har vore knytt til:

- å ivareta interessene til gardbrukarar som ynskjer å satse på Inn på tunet. Det har ikkje vore noko system for korleis ein går fram når ein vil starte eit tilbod. Det har vore vanskeleg for nye tilbydarar å vite korleis og kor mykje arbeid og resursar ein kan legge i dette.
- Mangelfull systematisk kartlegging av korleis behovet for Inn på tunet tilbod er i dei enkelte einingane, har gjort situasjonen lite forutsigbar og usikker for tilbydarane.
- Stramme økonomiske rammer gjer at dei kommunale einingane har vanskeleg for å ”ofra” det tilbodet dei allereie har og kjenner godt, til fordel for noko som er nytt og

ukjent. Marknadsføring, positiv omtale og gjensidig informasjon/dialog mellom tilbydarar og kjøparar har vore, og er såleis viktige oppgaver framover.

- Ulike avtalar mellom kommunen og tilbydarar har ført til uforutsigbarheit/uklarheit kring tilhøvet mellom kommunen som kjøpar av tenester og tilbydarane sine arbeidstilhøve. Derfor var eit prioritert tiltak i prosjektet å få på plass ein skriftleg avtale mellom kommunen og tilbydar etter ein felles mal. Det har vore teke kontakt med mange ulike IPT tilbydarar og kjøparar som har erfaring med IPT over tid, for å sjå kva avtalar desse har. Dette har vore nyttig i arbeidet med å utarbeide den standard avtalemalen som no ligg føre i Luster kommune.

Prosjektet har samarbeidd med Inn på tunet i Sogn og Fjordane sidan starten, og har deltatt på ein fagtur til Vestfold i 2008 (K. Tang), samt ein studietur til IPT-bedrifter på Møre hausten 2009 (M. Bugge)- svært lærerike turar. Vi har og vore med på fleire styremøte i nettverksgruppa, ei fagsamling på Sandane i Gloppen, mars 2009 og ein IPT konferanse på Mo og Jølster vgs. Nov.-10. Det er svært nyttig og lærerikt å ha kontakt og utveksla erfaringar med andre IPT tilbydarar og -kjøparar. Felles utfordringar vert diskutert, og ein får døme på korleis ting kan løysast.

5.0 Rekneskapsoversyn Inn på tunet Luster

	2007	2008	2009	2010	TOTALT
Ekstrahjelp/løn/ administrasjon	44 960	134 840	85 000	85 000	396 057
Pensjon/arb.givaravg.	10 280	35 977			
Kontorutg.	10 947	1 379			12 326
Kurs	1 007	1 800	2700		5 507
Reise/oppfallsutg.	2 282	2 912	2760	1960	9 914
Betaling for tenester			62 500	24 500	87 000
Sum utgifter	69 476	176 908	152 960	111 460	510 804

Finansiering

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	260 000,- (50%)
Luster kommune	260 000,- (50%)
Totalt	520 000,- (100%)

6.0 Sluttkommentar/oppsummering

Det er viktig å oppretthalda arbeidet mot/kontakten med dei aktørane ein allereie arbeider med. Det er òg viktig å vidareføre arbeidet i den etablerte administrative prosjektgruppa, både for å stabilisera det vi har av ordningar, for å få på plass ev nye og for å informera/orientera kvarandre.

Luster kommune meiner me har etablert nokre gode rutinar for det vidare Inn på tunet arbeidet i Luster, basert på erfaringar og arbeid, gjennom prosjektet. Ved å leggja koordineringa av IPT i kommunen som del av ei fast stilling på eining for landbruk og naturforvaltning, sikrar ein vidareføringa og kontinuiteten i arbeidet utover prosjektperioden. Ein har delvis gjennom prosjektet "hjelp i gang" med etablering av to nye tilbod i kommunen (Sie, Mollandsmarki og Lingjerde gard). Begge har hausta svært gode tilbakemeldingar, og er etter prøveperiodar vedtatt forlenga begge to. Standard avtalemål for IPT er utforma, og sikrar forutsigbarheit og sikkerheit for både kjøpar og tilbydar. Prosjektgruppa som er etablert fungerer godt som eit informasjonsforum. Ved faste møte med leiarar i einingar som representerer potensielle brukargrupper sikrar ein at alle veit kva som finst av tilbod, erfaringar vert vidareformidla og nye mulegheiter dukkar opp.

Gaupne, jan.-2011

Tore Eriksen
Rådmann

Marianne Bugge
landbruksrådgjevar/IPT koordinator

VEDLEGG 1: Avtale-mal



Luster kommune

Avtale om Inn på tunet (IPT) - tiltak

1. Avtalepartar

Tenestekjøpar: Luster kommune v/tenesteeining:

Tenestetilbydar:

2. Avtalegrunnlag

Følgjande dokumentasjon er å sjå på som grunnlag for avtalen:

- a. Vedtak om IPT-tiltak:
 - b. Plan for IPT-tiltak:
-

3. Avtaleperiode

Avtalen gjeld for perioden:

Om ikkje anna er avtalt, går avtalen ut ved sluttdato.

I avtaleperioden gjeld ei gjensidig oppseiingstid på 1 månad rekna frå oppseiingstidspunktet.

4. Avtalen sitt føremål

- a. Overordna mål:
 - b. Jf elles IPT-planen:
-

5. Tenestekjøpar sitt ansvar

- a. Ansvar for tenestetilbodet til brukar/ kvalitetssikring av tiltaket.
 - b. Fagleg rettleiing etter behov. Syte for at IPT-tiltaket vert ein del av det samla tilbodet til brukar. I dette ligg òg at IPT-tiltaket vert ein del av ein ev individuell plan.
 - c. Kontinuerleg evaluering av tiltaket.
 - d. Naudsynte forsikringar av brukar.
-
-

6. Tenestetilbydar sitt ansvar

Utgangspunktet for tilbydar er eigen IPT-plan, tilpassa føreliggjande avtale. Spesifikasjonar:

- a. Dag(ar)/ tid:
 - b. Tal brukarar:
 - c. Aktivitetar:
 - d. Mat/ måltider:
 - e. Anna:
.....
.....
...
 - f. Forsikring eigedom.
 - g. Eigne HMT-tiltak.
-

7. Løn, utgiftsgodtgjersle og vilkår elles

- a. Løn vert dekkja
 - b. Tenestetilbydar får slik utgiftsgodtgjersle (uspesifisert):
 - c. Tenestetilbydar får dekkja køyreutgifter i tilknytning til IPT-tiltaket slik:
 - d. Tenestetilbydar sender Luster kommune rekning med påført organisasjonsnummer og kontonummer innan den 01. i kvar månad, for utførte tenester/arbeid føregåande månad. Rekninga vil bli betalt same månad som ho vert motteken.
-

8. Anna

.....
.....
.....

Dato:

Luster kommune/ tenestekjøpar (-ar)

Gard/ firma/ tenestetilbydar